

PROSJEKTPLAN

«Språk og integrering i Sogn og Fjordane»

Dato: 30.juni 2014

1. MÅL OG RAMMER

1.1 Bakgrunn

- Opplæring må ha *eit livslangt perspektiv* på grunn av dei raske samfunnsendringane. (Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025)

SSB statistikk for studieforbundenes kursaktivitet i 2013 syner nedgang i Sogn og Fjordane. Sammenlikning med landet og nabofylker syner at vi har svært lite tilbud på språkfag.

Hovudemne	Heile landet		S og Fj.		Hordaland	
	Timar 2013	%	Timar 2013	%	Timar 2013	%
Totalt	1352453	100	27309	100	136306	100
Språkfag	73724	5,5	162	0,6	14229	10,4
Estetiske fag og håndverksfag	677614	50	17786	65,1	77192	56,6
Humanistiske fag, tros- og livssynsfag	114085	8,4	530	1,9	7644	5,6
Samfunnsfag	27246	2	221	0,8	1083	0,8
Organisasjons- og ledelsesfag	176232	13	4370	16	15397	11,3
Økonomi- og IKT-fag	15390	1,1	361	1,3	2692	2
Helse-, sosial- og idrettsfag	144411	11	1309	4,8	10798	7,9
Samferdsels- og kommunikasjonsfag	3443	0,3	0	0	160	0,1
Realfag, industrifag og tekniske fag	20101	1,5	70	0,3	1809	1,3
Naturbruk, økologi-, miljøverns- og friluftslivsfag	91280	6,7	2500	9,2	5080	3,7
Tjenesteyting og servicefag	8927	0,7	0	0	222	0,2

1.2 Resultatmål

Hovudmål: Språkkurs i Sogn og Fjordane skal vere på nivå med landet ellers frå 2016.

Delmål:

- 1: kurs i studieforbund skal leggest til rette for innvandrarar og bidra til inkludering og språkutvikling.
- 2: legge til rette for ein felles kurskatalog/marknadsføring

1.5 Rammer

Tidsramme; hausten 2014 - hausten 2015

Kostnad:

-Annonsering/ markedsiltak, tjenester og adm. kr. 70000.

-Lønn prosjektleiar kr. 80000.

Ressursbruk: Ynskjeleg at prosjektgruppe består av medlemmar som kan bruke av eksisterande arbeidstid.

2. OMFANG OG AVGRENSNING

Kartlegge dagens status ved t.d. intervju, spørjeskjema, digital løysing:

Kva behov fins hos invandrarar, private og bedrifter?

Kva nivå bør det undervisast på(A1-B2)?

Kva metodikk er best eigna (vaksenpedagogikk: grupper, teori og praksis)?

Korleis kan digitale løysingar nyttast for å nå heile fylket?

Korleis rekruttere deltakarar (markedsføring, kurskatalog)?

Korleis kan tilbydarar samarbeide?

Korleis kan kurs brukast som inkluderingstiltak?

Kurs skal vere eit tilbud til vaksne som har behov for å lære og/eller forbetre eksisterande kunnskap.

Avgrensing:

Prosjektet omfattar ikkje rettigheitsbasert undervisning overfor barn, ungdom og andre som er omfatta av offentleg undervisningsinstitusjon.

3. ORGANISERING

3.1 Prosjektledelse

Prosjektansvarlig (PA): VOFO Sogn og Fjordane

Prosjektleder (PL) : VOFO Sogn og Fjordane

3.2 Øvrige roller

Ynskja prosjektmedlemmar:

Representant frå studieforbund t.d. Folkeuniversitetet, opplæringsavdeling i fylket og næringsinteresser t.d. Nav/arbeidstiltakverksemd/næringsutvikling.

4. RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING

4.1 Kritiske suksessfaktorer

For at prosjektet skal lukkast er det viktig å ha prosjektmedlemmar med interesse, kunnskap og engasjement for tema og at studieforbund forpliktar seg til å bruke kunnskapen til å skape gode kurs.

Endringar og personutskifting i studieforbunda kan vere kristisk faktor for gjennomføringa.

4.2 Kvalitetssikring

Prosjektet må forankrast i leiinga i studieforbunda.

5. GJENNOMFØRING

Hovedaktiviteter

Kartlegge behov for språkkunnskap hos vaksne i fylket, både norske og invandrarar.

Kartlegginga skal vere eit grunnlag for å opprette gode språkkurs i studieforbunda frå 2015, og setje fokus på språk som eit middel for utvikling og busetjing i fylket.

6. ØKONOMI

Kostnadar i 2014 og 2015.

Kostnader		Finansiering	
Kostnadsart	Beløp	Finansieringstype og kilde	Beløp
Lønn	80000	VOFO, bruk av eksiterande stilling	50000
Annonsering	10000	Fylkeskommunen 2014	50000
Adm. /kjøp av tjenester	20000	Fylkeskommunen 2015	50000
Kurskatalog/markedstiltak	30000		
Møter	10000		
Sum	150000	Sum	150000